

# SOM LAUVET I VALLOMBROSA

AV LARS NORÉN  
OMSETJING: MARIT



**DET  
NORSKE  
TEATRET**





John **JAN GRØNLI**

Lena, dotter hans **HEIDI GJERMUNDSEN BROCH**

Sonja, dotter hans **INGRID JØRGENSEN DRAGLAND**

Gabriel, son hans **SVEIN ROGER KARLSEN**

Samuel, son til Sonja og Fredrik **MORTEN SVARTVEIT**

Umberto, nabo og nevøen til John **KYRRE HELLUM**

Olof, kjærasten til Lena **GARD SKAGESTAD**


Fredrik, mannen til Sonja **NIKLAS GUNDERSEN**

Clara, dotter til Gabriel **MARIE BLOKHUS**



# SOM LAUVET I VALLOMBROSA

AV LARS NORÉN  
OMSETJING: MARIT TUSVIK



Regissør **ALAN LUCIEN ØYEN**

Scenograf **LEIKO FUSEYA**

Kostymedesignar **INGRID NYLANDER**

Lysdesignar **TORKEL SKJÆRVEN**

Lyddesignar **GUNNAR INNVÆR**

Dramaturg **ANDERS HASMO**

Inspisient **ERLEND STAMNES**

Sufflør **TORILL STEINLEIN**

Rekvisitør **HELGE FYKSE**

Maskør **HELENA JONSDOTTIR**

Lydteknikar **VIBEKE BLYDT-HANSEN**

Lysmeister **OLE RANDERS**


Scenemeister **ERLEND OLAISEN**

Kostymekoordinator **TORHILD JENSEN**

Lars Norén er representert av Margareta  
Pettersson, Agent & Produktion, Stockholm

**PREMIERE 25. MARS 2017 PÅ SCENE 2**





Eg var 18 år og stormande forelska, da eg hausten 1997 såg *Som lauvet i Vallombrosa* på Den Nationale Scene i Bergen. Stormande forelska – i teatret: livet på scenen var ei avstøping av det «verkelege» livet dei færraste av oss tora leve. Norén var bestialsk levande.

Eg var ikkje klar over det den gangen, men stykket eg trudde var ei forteljing om livet, døden og kjærleiken – var ein kritikk, ein spydig kommentar frå ein forfattar i ferd med å skrive seg ferdig med ein tradisjon: *Det borgarlege skodespelet*.

*Som lauvet i Vallombrosa* går i direkte dialog med den russiske dramatikaren Anton Tsjekhovs univers: Den overprivilegerte familien, kunstnarane som drøymmer om verkelegheita. Det er ein meta-teatral dialog som gjer narr av både seg sjølv og iscenesettinga. Med denne teksten skriv Norén seg ikkje berre ferdig med *realismen*, han framfører ein epilog på vegne av teatret, i møte med sin eigen post-dramatiske lagnad på byrjinga av 90-talet.

Men midt i den knivskarpe sjølv-forakten avdekkjer Norén sin veldige kjærleik til teatret, og han er den like bevisst som stykket han skriv. Gjennom kjærleiken til teatret avslører han ikkje berre seg sjølv, men alle oss som ser på: *Alle skuggane* våre er her – vi ser dei når vi set oss i flukstolen og lengtar tilbake til heile livet, alt vi angrar på og det vi aldri lever.

Eg lengtar også tilbake. Eg plar å seie at eg er gamaldags når eg snakkar om teatret. Teppet har kanskje gått ned for denne *realismen*, der skodespelarane snakkar høgt og der alle replikkene er vende ut mot publikum, men om vi er den bevisst, fortel den kanskje stadig noko om oss som framleis sit der i mørkret – alle vi som ein gang var forelska.

Det blir vel siste sommaren...

Alan Lucien Øyen

Bruk emneknagg #detnorsketeatret for å dele dine opplevingar hos oss på Instagram og Twitter.

FØLG OSS



Facebook: detnorsketeatret

Twitter: @detnorsketeatre

Instagram: #detnorsketeatret

[www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no)

**BILLETTLUKA:** 22 42 43 44

AkerBP

OBOS